

# Kriteria og innretning for tilskotsordning for elitekorps

Fylkesrådmannen sitt reviderte framlegg, for handsaming i KIRU 20.03.2018

Søknadsfrist 1 gong i året

300 000 kroner på budsjettet for 2018

## 1. FØREMÅL

Visjonen for Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025, er at Hordaland skal vere ein leiande kulturregion. Eit viktig kulturpolitisk mål er at kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande. Korpsfeltet er eit slikt område der Hordaland er leiande og har fleire aktørarar på svært høgt nivå. Denne ordninga skal stimulere til å vidareutvikle det kunstnarlege / musikalske nivået i elitekorpsa og støtte formidling av dette. Elitekorpsa er i prinsippet ein del av amatørkulturen, men har eit særst høgt musikalsk nivå. Desse korpsa er ei svært viktig drivkraft for inspirasjon og kunnskapsformidling til barn, unge og andre deler av korpsfeltet.

## 2. KVEN KAN SØKJE

For å søkje tilskot frå denne ordninga må ein vere amatørkorps for vaksne (brass og janitsjar), som har kvalifisert seg til vidare deltaking i elitedivisjonen i inneverande søkjeår eller har rykka opp frå første divisjon og deltek i elitedivisjonen året etter / påfølgjande år.

Det er difor ei klart definert gruppe som kan søkje på denne ordninga.

## 3. KVA KAN DET SØKJAST OM STØTTE TIL

Det skal leggast vekt på tiltak som medverkar til kulturell utvikling og meirverdi som t.d.:

- Større konsertproduksjonar som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum
- Bestillingsverk / arrangørproppdrag – bruk av lokale / regionale komponistar / arrangørar vert prioritert
- Fagleg utvikling, utover dagleg drift, for korpset sine medlemmer som hever korpset sitt nivå
- Lydfesting / publisering av musikk
  
- Det kan elles søkjast om reisestøtte til meisterskap utanfor Hordaland

Kvar søkjar kan søke om tilskot til fleire prosjekt / tiltak i same søknadsskjema.

## 4. KVA DET IKKJE BLIR GITT STØTTE TIL

Det er skilt ut nokre konkrete føremål/tiltak det ikkje vert gitt støtte til i denne ordninga. Dette heng saman med fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle, andre tilskotsordningar og ansvarsfelt både hos fylkeskommunen og andre offentlege instansar.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Ordinær drift av korpset, slik som løn av fast dirigent, leige av øvingslokale el.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.

## 5. UTREKNINGSMODELL OG VURDERINGSKRITERIA

Den samla tilskotsposten vert delt i to; prosjekttilskot og reisetilskot. Av den samla tilskotssummen kan ikkje meir enn 50 % nyttast til reisetilskot.

### Utrekning av reisestøtte:

Det kan verte gitt tilskot til reisestøtte ved deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Tildeling av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem.

Følgjande utrekningsmodell vert nytta:

- Etter søknadsfrist vert alle søkjarane inkludert i ein utrekningsmodell der alle medlemmane i korpsa vert talt, uavhengig om korpset dei spelar i har søkt reisestøtte eller prosjekttilskot. Dette gir ein stykk-sum for kvart einskilde korpsmedlem.
  
- Dei elitekorpsa som søker reisestøtte vil verte tildelt denne sum per einskilde medlem frå utrekinga. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset vil såleis vere avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden.

Dersom det er eit eller fleire elitekorps som ikkje søker reisestøtte, vert den summen dei kunne ha fått i eit evt. reisetilskot overført til prosjektstøtte-delen. Dersom det er eit eller fleire elitekorps som ikkje søker reisestøtte vil det såleis vere meir enn 50 % som vert fordelt til andre tiltak / prosjekt.

#### Eit døme på denne utrekninga i praksis:

Det er i dag 6 potensielle søkjarar til denne ordninga. Dersom alle søker om reisestøtte, vil 150 000 kroner bli fordelt i reisestøtte til søkjarane. Med eit samla tal på 250 medlemmer i søkjarkorpsa vil reisestøtte til kvart ein skilde medlem verte 600 kroner. Dersom eit søkjarkorps har 35 medlemmer vil reisestøtta for dette korpsset verte 21 000 kroner. Såleis vil dei som har mange medlemmer få meir i reisestøtte enn dei som har færre aktive medlemmer.

#### **Vurderingskriteria for prosjekt og tiltak:**

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søknadane skal målast opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkare og jo fleire ein oppfyller av kriteria, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Føljande kriteria skal ligge til grunn for vurderinga av søknadane:

- a. I kva grad tiltaket oppfyller føremålet i søknadsordninga
- b. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- c. I kva grad tiltaket har verdi for større delar av fylket
- d. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- e. I kva grad tiltaket er utadretta og ope
- f. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- g. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

#### **6. OM ØKONOMI**

a. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer ikkje prosjekt i denne ordninga. Det er forventa at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering med minst 50 % av totalbudsjettet for prosjektet / tiltaket. Andre kjelder for finansiering kan vere andre offentlege tilskot, sponsorar, eigeninnsats / dugnad o.a.

b. Dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum vert søknaden avslått (gjeld prosjekt/tiltak). Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. Når ein sender inn denne godtek ein føresetnadane i tilsegnsbrevet.

#### **7. ANG. OPPFØLGING, RAPPORTERING OG KONTROLL (FØRESETNADER SOM VERT GITT I TILSKOTBREV VED TILDELINGAR)**

a. Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

b. Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.

c. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

d. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggest ved rapport.

e. Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.

f. Dei som får tilskot til lydfesting må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

g. For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.

h. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.